

Nordhordland kompetanseregion

barnehage – grunnskule - PPT - voksenopplæring

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Referat frå styremøte 04/17

21.06.17. kl.09.00-15.00 på Nordhordland folkehøgskule, Veslestova

Referatet er sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

Desse møtte:

Frå styret: Jahn Olav Nordheim , Jo Tømmerbakke, Bodil Boie Brekkan, Linda Husa, Alf Strand, Astrid Brandal Øvsthus, Ragna Midtbø Reidunn Johannessen og Astrid Brandal Øvsthus.

Frå regional barnehagegruppe: Grete Urdal, Mette Marei Træland, Astrid Namtveit Sylta, Rita Amundsen, Åshild Hope Herland, Alf Strand og Sylvi Ann Hanstveit.

Til sak 31/17 Kommunedialog med Fylkesmannen: Frå Fylkesmannen deltok Anne Hjermann, Gøril Vikøren Nøkleby, Marte Byrkjeland og Kjetil Stavø Høvig. I tillegg til medlemene i styret og regional barnehagegruppe møtte Helge Dyrkolbotn – barnehagefagleg ansvarleg Austrheim, Kristin Moe – kommunalsjef oppvekst - Lindås, Mona Chatlin Hagewick – einingsleiar barnehage – Lindås og Ivar Sandgren – sektorleiar Osterøy kommune.

Til sak 32/17 IKT-strategi for oppvekst IKT-NH. Frå Vaksdal kommune møtte Ann Kristin Bolstad og Thomas Rønn Aar - IKT-NH. Forfall: Arthur Berg Reinertsen – IKT-strategi, regionrådet.

29/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Linda Husa melde inn 2 saker til mogelege andre saker:

1. Målformslova.
2. Redusert leseplikt for nyutdanna

Einstemmig vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

30/17 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 27.04.17

Einstemmig vedtak: Referat frå møte 27.04.17 vart godkjent.

31/17 KOMMUNEDIALOG - FYLKESMANNEN

Frå Fylkesmannen deltok Anne Hjermann, Gøril Vikøren Nøkleby, Marte Byrkjeland og Kjetil Stavø Høvig. I tillegg til medlemane i styret og regional barnehagegruppe møtte Helge Dyrkolbotn – barnehagefagleg ansvarleg Austrheim, Kristin Moe – kommunalsjef oppvekst - Lindås, Mona Chatlin Hagewick – einingsleiar barnehage – Lindås og Ivar Sandgren – sektorleiar Osterøy kommune.

Fylkesmannen inviterer seg ut til alle regionane for å få innspel til korleis forventningar, satsingar og prioriteringar vert teke imot og landa ute i kommunane. Fylkesmannen skal rapportere inn til dept. status i Hordaland. Dialog om det ein lukkast med og det som er utfordrande.

Desse tema vart drøfta:

Trygt og godt miljø i barnehage og skole
Opplæringslova § 9a
Ny Rammeplan
Vaksenopplæring

Vidare arbeid:

- Det vert teke kontakt med Kjetil Stavø Høvig i høve til deltaking i styremøte om vidare arbeid
Oppl.lova § 9-a
- Det vert undersøkt informasjon om og påmelding til fagdag for vaksenopplæringa i november.

32/17 IKT-strategi for Oppvekst i IKT-NH-samarbeidet

Til denne saka møtte Ann Kristin Bolstad - Vaksdal kommune og Thomas Rønn Aar - IKT-NH. Arthur Berg Reinertsen – IKT-strategi, regionrådet møtte ikkje.

Thomas Rønn Aarr orienterte. Det vart stilt spørsmål. Presentasjonen ligg ved.

**Einstemmig vedtak: Styret i NKR tek informasjon gitt i møte 21.06.17 til orientering.
Saka vert sett opp på neste møte i august 2017.**

33/17 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

Styreleiar hadde bede Linda Husa representera NKR i møte med FM 20.06. Linda orienterte frå møtet.

- 3 frå UH-sektoren, 6 regionar + dei private skulane (7. regionen) og Fylkesmannen.
- Runde rundt bordet kva regionane hadde tenkt. Nokre hadde tenkt litt, andre ikkje.
- Linda presenterte NKR sine planar for 2017-2019.
- Målet for møtet var sondering og å få på plass ein struktur.
- Bestilling: Kvar region må ta kontakt med UH-sektoren for å drøfte og be om tilbod på sine behov. Til neste møte som skal vere 31.08.17 må regionane ha fått oppretta kontakt og fått avtala møte med UH-sektoren.
- Hedvig Rørvik skal kordinere e-post: hro@hvl.no
- Det må leggjast møteplan for NKR hausten 2017. Sende til FM.

- Kommunane skal synleggjere eigendelen på 30 %. (Vikarpott, frikjøp, budsjett for kurs og kompetanse for lærarar og skuleleiarar, reiseutgifter, materiell, evt ressurslærar)
- 26.10.17 skal det vere forhandlingsmøte om dei 9 mill som ligg i poten og som skal dekke UH-sektoren sine kostnader og kommunane sine behov.
- Det er kommunen/skuleeigar/skulen sine behov som skal stettast, ikkje den einskilde lærar.

Drøfting.

Vidare arbeid:

- Nordhordland kompetanseregion samla seg om temaet: Tilpassa opplæring
Stikkord:
 - læringsutbyte
 - grunnleggjande ferdigheiter
 - analysekompetanse hjå lærar (kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar)
- Kvalitetssikring: NKR legg opp til tidleg dialog med UH-sektoren for å formidle våre behov. NKR ser at Sogn og Fjordane skårar høgt på læringsutbyte hjå elevane. Kva kan me lære av dette? Korleis har UH-sektoren i Sog F arbeidd saman med kommunane der? Følgeforsking?
- NKR sin koordinator tek kontakt med Hedvig i HVL og avtalar tidpunkt for møte med NKR.

Val av representant for NKR:

Styreleiar gjorde framlegg om at Linda Husa er NKR sin representant. Drøfting.

Einstemmig vedtak: Linda Husa vart valt som NKR sin representant. Alf Strand er vararepresentant.

34/17 SKRIV OG MELDINGAR

- a) Visma Flyt PPT – avtale klar for signering. IKT-NH har invitert til opplæring 13.06.17
- b) Visma Flyt skole – Arkivfunksjon og svar ut. Leveranse vert bestilt og vert sett i gang. Dette gjeld ein integrasjon mellom Visma og Acos. Styret bed om informasjon frå IKT-NH om endringar som kjem og at IKT-NH tek initiativ til opplæring.

c) Internett og eksamen – erfaringar frå eksamensgjennomføring 2017. Koordinator sender ut referat frå møte med IKT-NH 12.06.17 og set saka opp på første møte etter ferien.

35/17 MOGELEGE ANDRE SAKER

1. **Målformslova.** Saka vart utsett.
2. **Redusert leseplikt for nyutdanna:** 6 % nedsett leseplikt for nytilsette i inntil 2 år.
Utveksla erfaringar.
3. **Møteplan for hausten 2017:** 28.08, 06.10, 15.11 og 14.12.

Alversund, 29.06.17

Alf Strand
Styreleiar

Dina Dyrhovden
koordinator